



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Toril Tysseland, 55 57 23 73

Vår dato  
23.04.2009  
Dykkar dato

Vår referanse  
2009/5009  
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Kultur -og kirke departementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

### Kompetanseutvikling for lærarar og andre som arbeider med Den kulturelle skolesekken

Kompetanseutvikling for lærarar og andre som arbeider med Den kulturelle skolesekken(DKS) er eit viktig område for å få realisert intensjonen med DKS. Vi etterlyser ein samla strategi på dette området, ein strategi som er kjent for alle aktørane, og der det kan visast til sentrale grep som kan ivareta behova til brukarane av DKS, og dei intensjonar og ambisjonar som ligg i måla for DKS.

Ein føresetnad for at DKS-satsinga skal nå sine viktige målområde, er at lærarane i grunnopplæringa har kompetanse i estetiske fag. Eit aktivt partnerskap mellom skolen sine lærarar og utøvarar frå DKS vil kunne gje grunnlag for eit *kontinuerleg og målretta* arbeid med desse fagområda, noko som igjen vil auka læringsutbytte for elevane. Dei estetiske fagområda i lærarutdanninga må styrkast dersom DKS-satsinga skal ha varig verknad.

#### Bakgrunn

I fleire år har fylkesmennene i Rogaland og Hordaland samarbeidd om å setja kompetanseheving knytt til DKS og kulturskolane på dagsorden. I 2004 inviterte vi utdanningsinstitusjonane i dei to fylka til eit møte med kompetanseutvikling som tema. Etter møtet vart m.a. dette skrive i referatet: *"Det var semje om at høgskolane og Universitetet bør arbeida vidare med kompetanseutviklingstilbod retta mot lærarar og kulturarbeidarar som skal samhandla med skolen, men det er og viktig å utvikla relevante tilbod til kommune-og skoleleiing på dette området"*. Vidare står det i referatet: *"Det bør utviklast gode rutinar for eit forpliktande samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane. Kompetanseutviklingstilboda frå høgskolane og universitetet må utfylla kvarandre og ikkje vera konkurrerende"*. Å heva kompetansen hos dei som arbeidar med kunst- og kulturformidling i kommunane er såleis eitt av måla for DKS i våre fylke, og difor bør DKS sjåast i samanheng med den statlege satsinga på kvalitets- og kompetanseutvikling i grunnopplæringa.

Arbeidet med kompetanseutvikling vart vidareført gjennom prosjektet KOM - Kreativt Oppvekstmiljø- som vart avslutta i Rogaland og Hordaland i 2008. Referansegruppa i prosjektet var samde om å halda fram med arbeidet, ikkje som ei KOM-gruppe, men som ei kompetanseutviklingsgruppe/ ”tenketank”/fora for idèutveksling i arbeidet med den estetiske dimensjonen på ulike nivå innanfor opplæring/utdanning i vår region. Med i denne referansegruppa er no representantar frå: Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Hordaland, Norsk kulturskoleråd – Rogaland, Norsk kulturskoleråd – Hordaland, Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord Haugesund, Universitetet i Stavanger, KS i Rogaland og Hordaland og ein representant for skuleeigarane i kvart av fylka.

I dei siste åra har Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland samarbeidd om kompetansehevande kurs for lærar i grunnskolen, knytt til DKS. Innhaldet i kursa har vore relatert til læreplanverket for Kunnskapsløftet.

### **Planverk og statlege føringar**

#### **I ”Skapande læring – Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010” frå**

Kunnskapsdepartementet, er eitt av 5 satsingsområde ”å styrke formidlingskompetansen i kunst- og kulturfag i opplæringa ved å legge til rette for etter- og vidareutdanning for å heve både pedagogisk og kunst- og kulturfaglig kompetanse blant dem som arbeider med kunst og kultur på ulike arenaer i opplæringa”.

Vidare står det m.a. i planen. ”Utdanningsdirektoratet inkluderer arbeidet med kunst og kultur i opplæringa gjennom kompetansemål i læreplanene for elever og ved å oppfordre kommunene til å inkludere kunst og kultur i kompetanseutvikling for lærere. Forankring av Den kulturelle skolesekken og arbeidet med kunst og kultur i opplæringa er i tillegg sikret gjennom embetsoppdraget i sektoren”.

I planen ”Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærere” omfattar den statlege satsinga på etter- og vidareutdanning i 2009 ni prioriterte fagområde, der lærarar får tilbod om vidareutdanning på 30 studiepoeng. Praktisk-estetiske fag er eitt av dei 9 prioriterte områda som er nemnt. Det er utvalde høgskolar og universitet som har fått oppdraget med å utvikla vidareutdanningstilbod innan dei ulike fagområda.

Når det gjeld etterutdanning av lærarar, har Stortinget øymerkt 170 mill til etterutdanning innan områda lese- og rekneopplæring, bruk av IKT i faga, elevvurdering og rådgjeving. Dei praktisk-estetiske faga, er ikkje nemnt i denne samanhengen. I statlege planverk for kompetanseutvikling i skolen går det heller ikkje fram korleis DKS kan integrerast i skolen sin kompetanseutvikling.

I embetsoppdraget til fylkesmennene er ikkje DKS eller kulturskolane nemnt som prioriterte område fylkesmennene skal arbeida med i 2009.

### **Forskringsresultat og spørjeundersøking**

Anne Bamford sin rapport ”Wow-faktoren” er etter kvart godt kjent i vårt land. Og der står det m.a. at det er signifikant og konsistent belegg for at kunstfagrik utdanning er med å betra born sin prestasjon, både innan kunstfag og meir generelt i heile utdanninga, men at den auka prestasjonen er avhengig av god kvalitet i utdanninga og undervisninga. Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa kan visa til intervju av eit representativt utval av skoleleiarar om dei estetiske faga sin status i den norske skolen. Undersøkinga viser at så mykje som ein tredjedel av skoleleiarane ikkje finn det uheldig at lærarar som manglar formell fagkompetanse underviser i dei estetiske faga. Ut frå Anne Bamford sine forskingsbaserte funn er dette urovekkande.

## Oppsummert

Vi meiner det er viktig å halda fram arbeidet med å betra etter-og vidareutdanningstilbud knytt til DKS, men dette må skje gjennom ein overordna-og samla strategi dersom vi skal koma vidare.

Gruppa vil koma med følgjande oppmoding:

- ✚ Sentrale styringsmakter arbeider for at praktisk - estetiske fag vert prioriterte, og at dei vert ståande som sjølvstendige fag, samstundes som vi ber om at estetikk og kreativitet vert vurdert innført som grunnleggjande dugleik i aktuelle planar i grunnutdanninga.
- ✚ Skolane/kommunane satsar meir på estetiske fag, ved å stilla krav til kompetanse for lærarar som underviser i desse faga. Ein konsekvens av dette er at skolane/kommunane prioriterer vidareutdanning/etterutdanning i estetiske fag i sine kompetanseutviklingsplanar.
- ✚ Universiteta og høgskolane tilbyr desse faga i det omfanget og den forma som trengst.
- ✚ Universiteta og høgskolane inkluderer meir generell kunst- og kulturforståing/DKS-kunnskap inn i den generelle lærarutdanninga. I dette ligg og kompetanse til å kunna nytta kunst og kultur som innfallsvinkel til andre fag i læreplanane.
- ✚ Det er viktig at dei to departementa samordnar planar og føringar for vidaregåande opplæring, slik at DKS vert sett i samanheng med heile læreplanverket, og at DKS og fagplanar innbyrdes forsterkar kvarandre.

Med helsing

Kjellbjørg Lunde  
Utdanningsdirektør

Toril Tysseland  
rådgjevar

På vegne av: Referansegruppa for kompetanseutvikling innan Den kulturelle skolesekken i Rogaland og Hordaland representert ved:

Høgskulen Stord Haugesund, Brit Husebø (s)  
Universitetet i Stavanger, Jorunn Thortveit (s)

KS - Rogaland, Bernt Mæland (s)

Rogaland fylkeskommune, DKS, Kirsti Sandved (s)  
Hordaland fylkeskommune, DKS, Charlotte Espeland (s)

Stord kommune - Hordaland, Mari Espeland (s)  
Randaberg kommune - Rogaland, Jenny Nilssen (s)

Norsk kulturskoleråd - Rogaland, Anders Aabø (s)  
Norsk kulturskoleråd – Hordaland, Rolf Kristoffer Seldal (s)

Fylkesmannen i Rogaland, Ståle Ertzgaard (s)  
Fylkesmannen i Hordaland, Toril Tysseland (s)

Kopi:

- ✚ Den kulturelle skolesekken, ABM-utvikling, Postboks 8145 Dep, 0033 Oslo
- ✚ Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen, Høgskolen i Bodø, 8049 Bodø
- ✚ Utdanningsdirektoratet, Postboks 2924 Tøyen, 0608 Oslo